

Avdeling for plan- og forvaltning

### **Tillegg til høringsutkast for ny kommunal planstrategi 2024-2027:**

Administrasjonen har ved ein feil gløymd å ta med denne teksten i kap. 2.2 i dokumentet «Oppstart av arbeid med samfunnsdelen til kommuneplanen»:

*Den interkommunale kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde bør reviderast i kommunestyreperioden 2024-2027. Planen blei vedteken i kommunane i 2016 og blei ikkje rullert i 2020, slik planen la opp til. Handlingsprogrammet gjekk ut i 2019. Det er truleg behov for ei generell oppdatering av planen, ikkje minst med tanke på FN sine berekraftsmål. Det er også komme ny kunnskap i form av kvalitetsnorma for villrein som må innarbeidast i planen. I samband med høyring av Vik sin arealdel til kommuneplanen våren/sommaren 2023 fekk administrasjonen i tillegg inntrykket at statsforvaltaren ser på villreinplanen som noko utdatert. **Det bør startast opp eit prosjekt med dei involverte kommunane om revisjon av planen.***

Kapitteloverskrifta bør då endrast frå

«2.2 Vurdering av planbehovet (kommuneplan)»

til

«**2.2 Vurdering av planbehovet (kommuneplan/interkommunale planar)**»

Teksten bør limast inn heilt i slutten av kapittelet.

Teksten er den same som vi spelar inn til planstrategiane til dei andre kommunar som er med i denne interkommunale kommunedelplanen.

24.9.2024 KW

